Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Fra robåt til motorbåt

Oppskr. av: Johan Moan.

(adresse): Leksvik.

Fylke: Nord-Trøndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Leksvik sokn

Gard: Moan

G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Leksvik er ikkje ei kystbygd men må vel heller kallast ei innfjordbygd. I gamle dagar livnæra ein stor del av leksværingane seg heilt eller delvis av fiske. Heilt til 1909 var her årvisse feitsild-fiske utafor Leksvik-landet kvar einaste seinsommar eller haust.

Og om vintrane seglde både bönder og husmenn den lange ferda til Lofoten samman med vikingane til Johan Bojer. Dei kom da heim i høvelag tid för våronna tok til.

Da motorbåten avlöyste lofotbåten slutta leksværingane å fara til dette fisket. Dei greidde ikkje fölgja med i utviklinga. Og ein – og kanskje viktigaste grunnen til dette er at Leksvik ikkje har hatt hamn. Dei gamle lofotbåtane kunne dragast opp og settast inn i naust når ein var heim-kommen, men det kunne ikkje motor-båtane. Derfor har båtmotoren heller ikkje vorti brukt til anna enn til skjuss- og fraktebåtar. Berre i einskilde

14513

tilfelle har ein færingsbåt fått motor og kan ha vorti brukt til litt fiske i Trondheimsfjorden.

I dag er det faktisk ikkje ein einaste leksværing som livnærer seg av fiske. Feit silda blir no fiska før ho kjem inn i fjorden. Ingen segler no til Lofoten lenger.

Ved Hammarberget står enda to loffa naust, gamle og morkne. Dei er dei siste frå den tida det vart rekna for eit karsverk å ha vori til lofotfisket.

Men kring husa og på tunet på Austre Grandan går den 88 år gamle kårkallen, Andreas og stavrar. Tek seg turer bortover til eit av dei gaml nausta. Og minnest som det var i går det året han som skårunge var med til Lofoten.

Gamle Andreas Grande er i dag einaste leksværingen som er att av dei mange leksværingar som var med på denne ferda.

— " —

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14513